

Saksbehandlar: Anita Foss Midlang, Helse og omsorg
Sak nr.: 21/3400-1

Revidert selskapsavtale for Alarmsentralen IKS

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til gjere slikt vedtak:**

1. Sogndal kommune godkjenner utkastet til selskapsavtale slik den ligg føre.

Vedlegg:

1. Framlegg til ny selskapsavtale
2. Informasjon om endringar ved Alarmsentralen.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Representantskapet i Alarmsentralen IKS godkjende den 12.05.2021 revidert selskapsavtale. Vedtaket har bakgrunn i at selskapsavtalen som vart vedteken i 2019 ikkje vart godkjent av Føretaksregisteret fordi avtala forskoterte at Alarmsentralen skulle «miste» 110 tenesta 01.02.2021. Ny selskapsavtale blei difor utforma og godkjend på representantskapsmøte 03.11.2020 og vidare godkjend av alle eigarkommunane.

01.02.2021 blei naudmelding 110 flytta til ny sentral i Bergen. Alarmsentralen må difor på nytt justere selskapsavtala til å innehalde dagens oppgåver sentralen utøver for sine eigarar.

Kommunane handsama også i 2019 *Plan for responscenterfunksjon*. Etter planen si godkjenning har Alarmsentralen teke i bruk nytt digitalt alarmmottak for velferdsteknologi. Alle kommunane har også slutta seg til felles innkjøp av sensorar og digitalt utstyr. Kommunane har no tilgang til ei løysing og avklarte vilkår for innkjøp, for å kunne ta i bruk velferdsteknologiske løysingar som Helsedirektoratet har gjeve råd om.

2. Vurderingar og konsekvensar

Selskapsavtalen er bygd opp med utgangspunkt i *Lov om interkommunale selskap av 29.01.1999*. Punkta som foretaksregisteret ikkje godkjende var primært at avtalen tok opp i seg endringane knytt til overføring av 110-sentralen til Bergen brannvesen med verknad frå 1.2.2021.

Selskapsavtala skal vise til dagens organisering av sentralen. Selskapsavtala må difor leggast fram for alle kommunane på nytt.

Selskapsavtalen er i tråd med dette justert. Dei sentrale endringane er samanfatta i tabellen under:

§	Endring:	Forklaring:
§ 2	Ordlyden i føremålsskildringa er justert; Tenesta som omhandlar naudmeldingstenesta for brann (110) er teke vekk. Sentralen skal halde fram med å vere eit respons-, tryggleiks og kompetansesenter for deltakarkommunane. Det er vidare tatt med ei forklaring på oppgåvene sentralen skal utøve.	Endringa er gjort for å tydeleggjere at det skildra føremålet er dagens føremål.
§ 6	Her er og fordelingsnøkkel med 10% fast og 90% etter innbyggjartal lagt inn som vedtatt på tidlegare representantskapsmøte.	Fordelingsnøkkel mv. Kostnadsdelinga 90/10 blir gjeldande frå 01.01.2022.

Øvrige vilkår omhandlar ordinære selskapsforhold som; Representantskapen er høgast organ og kommunane vel kva sin representant. Representantskapen set saman styre. Kommunane sin fag- og ressurspersonar innanfor helse- og omsorg kan oppnemnast i eit fagråd. Medverknad og deltaking i utvikling av selskapet sine tenester er viktig. Kommunane har etterspurt eit slikt organ. Kommunane heftar for selskapet sine forpliktelsar og låneopptak. Dette er eit viktig prinsipp slik at investering og driftskostnader vert fordelt mellom deltakarane og brukarane av tenester.

4. Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner utkastet til selskapsavtale.